

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Skapa dine egne samansette tekstar • Kombinera ord, bilete og lyd • Velja den måten som er best eigna til å forklara, slik at lesaren din kan forstå det du formidlar
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Læra om sentralmåla gjennomsnitt, median og typetal • Læra om spreingsmålet variasjonsbreidd • Læra om kritisk vurdering av statistiske data
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenna til nokre hovudtrekk med det politiske systemet i Noreg • Kjenna til ulike politiske parti i Noreg, og forstå nokre hovudskilnader mellom dei og vite kva for nokre oppgåver dei har i det demokratiske systemet vårt • Kjenna til samanhengen mellom ideologi og politiske parti
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Å forstå kva som kjenneteikner Hinduismen • Å få innsikt i sentrale trekk ved Buddhismen
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara korleis me kan vite at alt liv på jorda er i slekt og i endring • Beskriva korleis Darwin og Wallace kom fram til evolusjonsteorien • Forklara korleis naturleg utval gjer artar tilpassa det miljøet dei lever i • Gjere greie for korleis ulike obsjervasjonar og funn styrkjer evolusjonsteorien – og gje nokre dømer
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Å stilla spørsmål og svara korrekt • Å skildra folk • Regelrette og uregelrette verb i presens • Samsvarbøying • Repetisjon av tal
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Snakka og skriva om deg sjølv, familie, hobbyar, fritid, kjensler • Bruka verb/modalverb i presens • Telja på tysk • Bruka artikkel og eigedomsord
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka engelsk munnleg og skriftleg • Presentera sjølvvalde interesseområde • Skapa ulike typar munnlege og skriftlege tekstar om sjølvvalde emne
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> • Utforske egne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom leik, friluftsliv, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar • Reflektere over kva naturopplevingar kan ha å seie for ein sjølv og andre • Vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på ulike folkedansar
Mat og Helse	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva god hygiene er • Vita kva vurderingskriteria for faget er • Kunna fortelja om korleis me skal oppføra oss på kjøkkenet

	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva god bordskikk er • Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det)
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med faget • Planleggje neste økt (veke 34) • Produsera mat (veke 35) • Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det) • Me møter på kjøkkenet.
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne sjå og anerkjenna ulike eigenskapar som deltakarar i ei gruppe har • Kunne trene på dei ulike basisferdigheitane i samspel med andre
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Ferdas trygt og sporlaust • Hauste ifrå natur • Vurdere klede og utstyr
Innsats for andre	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføra planlagde tiltak • Følga etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjon og samhandling til vald målgruppe
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Ordensreglement, klassereglar og klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Velkommen tilbake

Velkommen tilbake alle saman! Håpar de har slappa godt av i sommar og at de er klare for eit nytt skuleår. Det var utruleg kjekt å sjå alle igjen førre veke. Me er så heldige å ha fått eit par nye elevar på trinnet òg. Håpar de tek desse godt i mot.

Bøker

Elevane vil få delt ut matematikkbøker slik som i fjor. I år har me óg kjøpt inn naturfagbøker som elevane får delt ut. Det blir registrert kva boknummer eleven får slik at me har oversikt over kva bøker som har vorte delt ut. Veldig fint om de kan ta bokbind på bøkene slik at me kan ta best mogleg vare på dei.

Fotografering

Denne første veka kjem fotografen på besøk. Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis. Dei får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom. Dette er valfritt. Sjå på vekeoversikten når din klasse skal fotograferast.

Valfag og språkfag

Det vil vere nokre endringar i språkgruppene. I spansk vil det bli gjennomført ein liten

omrokking, og i år vil dei som har tysk bli delt i to ulike grupper. Dette er det faglærarane som gjer. Elevane har fått vite kva valfag dei har fått. Det vil vere mogleg å gjere enkelte byte dei første vekene. Dei må då ta kontakt med avdelingsleiar. Elevane vil få beskjed når dette ikkje lenger er mogleg.

Ny dagsrytme

Vi har endra på dagsrytmen i år. Elevane har no 5 minutt friminutt to gonger om dagen, og 40 minutt matfriminutt.

Helsing oss på 9.trinn

HEIMEARBEID VEKE 34		
Norsk		Gjer oppgåva som ligg på OneNote under heimearbeid – veke 34.
Engelsk	1	Vel ei av desse oppgåvene: -Make a sound recording on OneNote where you describe something that makes you laugh (1-2 minutes). -Make a sound recording on OneNote where you tell a joke you like. Also, say where you first heard or read it (1-2 minutes).
Matematikk	1	Gjer oppgåve 1.101, 1.103, 1.105, 1.107 og 1.109 i Matematikk 9 oppgåveboka. Du vel om du vil gjere nivå 1, 2 eller 3. Ta bilete av oppgåvene og legg dei inn på OneNote under heimearbeid.
Samfunnsfag		Les artikkelen "Det politiske systemet i Noreg" i Arena 8 på aunivers. Snakk med ein vaksen heime om skilnaden på stortingsval, sametingsval og kommune- og fylkestingval. Skriv ned forklaring på OneNote.
KRLE	1	Å repetera sentrale trekk ved hinduistisk religion – om tid: Introdusere Buddhismen.
Naturfag	1	Kva betyr desse omgrepa? Skriv utfyllande – minst tre setningar på kvart punkt i ON. 1. Slektstre 2. Primat 3. Biologisk mangfald
Spansk		Les høgt s.10 i boka Gente 9, 2 gonger.
Tysk		Bruk ordbok (T.d. Heinzelnisse https://www.heinzelnisse.info) og finn ut kva artikkel desse substantiva skal ha i nominativ og akkusativ (kva kjønn er orda?): Auto, Vater, Mädchen, Bruder, Band, Nachmittag, Rekord, Schultag, Schmetterling, Schule.

Eng fordj		Read p. 8-10 in OnTheMove2. Answer the quick ones and learn the new words. Dictation (Thursday) on ON.
Arbeidslivsfag		Møt i kantina på tysdag. Her går me igjennom kva arbeidsstader de skal vere på i år og planlegg oppstarten.
Kroppsøving		SUP, løp og ball-leik: Møt ved symjehall inngang førebudd på ute aktivitet fram mot haustferien.
Mat og Helse		Me skal gå gjennom reglar og rutinar på kjøkkenet.
Kantine		Me skal gå gjennom reglar og rutinar.
Fys.ak.		Gå inn på Teams og opna teamet som heiter Fysisk aktivitet og helse 09. Følg med på beskjed frå lærar.
Friluftsliv		Møt ved hovudinggangen med sykkel og hjelm. Ha óg med nokre boksar til å ha bær/sopp i.
Innsats for andre		Møt i klasserommet til 9c (gul midt). Me skal vera mykje ute, så ha på passande klede og sko.

HEIMEARBEID VEKE 35		
Norsk		Ikea har instruksjonshefter utan tekst. Kva trur du er tanken bak det? Nemn nokre fordeler og ulemper med denne strategien.
Engelsk	1	Listen to the podcast given to you at OneNote and write an answer to question 1, 2, 3 and 6.
	2	Listen to the podcast given to you at OneNote and write an answer to question 3, 4, 5 and 6.
Matematikk	1	Gjer oppgåve 1.115, 1.116, 1.118 og 1.119 i Matematikk 9 oppgåveboka. Du vel om du vil gjere nivå 1, 2 eller 3. Ta bilete av oppgåvene og legg dei inn på OneNote under heimearbeid.
Samfunnsfag		Les artikkelen som heiter «Ideologiar» i Arena 8 på aunivers. <ol style="list-style-type: none"> 1. Forklar kva ein ideologi er. Du skal bruke konkrete døme å skriva eit utfyllande svar. 2. Plasser dei største norsk partia i rekkefølge frå venstre til høgre alt etter kva ideologi dei har. Skriv svara på OneNote.
Naturfag	1	<ul style="list-style-type: none"> • Skriv eit avsnitt om kva evolusjonsteorien handlar om på ON. De skal skrive samanhengande, ikkje stikkord.
Spansk		<ul style="list-style-type: none"> • Gjer nettoppgåver om verbene SER & ESTAR. Desse finn du på ON -> Heimarbeid
Tysk		Repeter verbbøyinga i presens (sein, haben, modale hjelpeverb <i>Müssen, können, wollen, sollen, dürfen, mögen</i>) s. 134 – 136. (Les heile sidene godt – ikkje berre tabellane!) Verbttest på torsdag.
Eng fordj		Read p. 13-14 in OnTheMove2. Answer the quick ones and learn the new words. Dictation (Thursday) on ON.
Kroppsøving		SUP, løp og ball-leik: Møt ved symjehall inngang førebudd på ute aktivitet fram mot haustferien.
Mat og Helse		Me skal gå gjennom reglar og rutinar på kjøkkenet.

Friluftsliv		SUP og førstehjelp: Møt 08:00 ved Tjødnå. Ha med badedy, handkle (og vådrakt om du har).
Innsats for andre		Møt i klasserommet til 9c (gul midt). Me skal vera mykje ute, så ha på passande klede og sko.